



TEATER VESTLAND

RAPPORT FOR
TEATERÅRET 2023

INNHALD

- 3 Teatersjefen si oppsummering
- 6 Repertoar
- 6 Mødrevariasjonar
- 8 Peter Pan
- 10 Skogsopplevingar
- 11 Kinnaspelet
- 12 Torn & Rose i Eventyrland
- 14 Tollak til Ingeborg
- 16 Jenta med fyrstikkene
- 17 Fest for Fosse // Fosse ord for ord
- 18 Tusen takk for oss, kjære Førdehuset
- 20 Nynorskhuset blir til
- 21 Førde sentrum, her kjem vi
- 22 Opning av Nynorskhuset
- 24 Nasjonal språkkonferanse
- 26 Nynorsk scenespråksenter
- 27 Teater og digitalisering
- 28 Scenekunst for barn og unge
- 30 Regionalt bransjetreff/kurs
- 31 Prøverom/ NTLF samling/Teaterfestivalen i Fjaler
- 32 Podcast: Bak maska
- 33 Statistikk
- 34 Personale, styre og vara
- 36 Rekneskap
- 38 Notar
- 47 Melding frå revisor

TEATERSJEFEN SI OPPSUMMERING AV 2023

NYNORSK FESTÅR

Året 2023 har skrive seg inn i historiebøkene og vil bli hugsa som eit viktig år for nynorsk dramatik og teater. Dette er året Jon Fosse vann nobelprisen i litteratur og året då Teater Vestland flytta inn i optimaliserte lokale for moderne teaterdrift i Nynorskhuset i Førde. Språk er det viktigaste kulturuttrykket vi har. Vestlandet er det nynorske grunnfjellet, og dei fleste her snakkar eit vestnorsk målføre. Å spele framsyningane våre på nynorsk og på vestnorske målføre er med på å bygge opp under og stadfeste identiteten til innbygarane i fylket. Det skaper sjølvkjensle å vere heime i sitt eige språk. 85% av norske dialektar ligg nærare nynorsk enn bokmål. Difor er eg særleg stolt av det systematiske arbeidet vi i Teater Vestland gjer som nynorsk turneteater.

Teater Vestland har produsert og turnert med eit nyskapande repertoar av høg kvalitet for publikum i Vestland. Vårsongen starta med premiere på bestillingsverket «Mødrevariasjonar». Regissør og dramatar Lene Therese Teigen gir oss ei samtidsforteljing som utforskar vestlandsidentitet og kva det vil seie å vere mor i dag.

Framsyninga fekk veldig god mottaking både av publikum og i pressa. NRK skreiv mellom anna at «Teater Vestland har treft blink: Har skrive seg inn til beinet av det å verte mor.» Ei framsyning som var meint å stå i sterk kontrast, var årets andre hovudsceneproduksjon «Tollak til Ingeborg» av Tore Renberg, eit dystert mannsporett som lyftar fram ei av vår samtids mørkaste problemstillingar: Menn som gjer seg skuldige i partnartrap. Vår eigen Kyrre Eikås Ottersen hausta gode meldingar i heile Noreg for si tolking av Tollak, og Bergens Tidene melde at «Nynorsken har fått ein ny klassikar.» Teater Vestland inviterte inn Riksteateret til å samarbeide om framsyninga «Tollak til Ingeborg», og Teater Vestland var hovudprodusent på framsyninga, som delte prøvetida mellom Oslo og Førde. Med dette samarbeidet sytte Teater Vestland for at ein produksjon på nynorsk blei vist for publikum i heile landet.

Vi produserte også «Skogsopplevingar» våren 2023, ei lydoppleving for vaksne laga stadssensitivt for å høyre på når du er ute på tur, og her samarbeidde vi med VLFK og dagsturhyttene. «Skogsopplevingar» kan du framleis laste ned og høyre på. I juni hadde vi igjen premiere på vår stolte sommartradisjon «Kinnaspelet – Songen ved det store djup» som markerte Oda Alisøy sitt siste år som spelets regissør. Ho avslutta i strålende solskinn med godt over 2 000 publikummarar som fant vegen ut til Kinn denne sankthanshelga.

Teater Vestland starta eit heilt nytt kapittel hausten 2023. Den 28. september opna vi nytt hus.

Opningsdagane blei ein tre dagars festival med språkkonferanse, konsertar, teaterframsyningar, omvisingar med meir, og over 3 000 personar var innom opningshelga.

Teater Vestland er inne i sitt tredje år med satsin på teater for born og unge og teater og ny teknologi. Desse to satsingane kom saman i det nyskapande og nyskrive verket «Torn og Rose i Eventyrland» i samarbeid med Nordland Teater, Teatret Vårt, Glitch Studios, Storyline Studios og ARShows.

Framsyninga var ein del av forskingsprosjektet Teater og Digitalisering II og nytta AR – Auka Røynd eller Augmented Reality som dei seier på engelsk. Eksperimentering med teater og ny teknologi er ikkje nytt.

Med telefonen kom òg live-sendingar frå teater og operascener – eller direkte strøyming som vi ville ha kalla det i dag. Tilbodet blei konkurrert ut av radioen, som tilbød betre lyttaropplevingar. I dag møter teateret forventningar om at framsyningane skal bli strøymde. Det er utfordrande når vi veit at det kan koste meir å produsere ein norsk spelefilm enn eit regioneteater har i årsbudsjett. Men ny teknologi har alltid ført teateret i nye retningar.

Då lyskastarane vart oppfunne, fekk teateret eit nytt handlingsrom. Det er andre gong i verda at Auka Røynd blir brukt på teater, og framsyninga vann Norsk publikumsutvikling sin pris i kategorien «Fornyar» for nybrottsarbeidet med teater og ny teknologi, og heile to prisar i den årlege VRINN Awards under Nordic VR Forum på Hamar: «Best Arts and Culture» og juryen sin spesialpris «VRINN Jury Award». Vi er særleg stolte av prisar frå den nordiske og europeiske teknologi-bransjen som stadfestar kor spektakulært denne bruken av teknologi er i ein teaterproduksjon. Framsyninga blei spelt for om lag 5 000 publikummarar i Nordland og Vestland og var opningsframsyninga på Showbox – Noregs største festival for born og unge. Den vil bli spelt igjen i Møre og Romsdal i 2025.

I tillegg til Torn og Rose i Eventyrland produserte og turnerte vi ein sjarmerande versjon av Peter Pan. Denne versjonen er skriven av den engelske dramatikaren Mike

Kenny, og Philipp Stengele hadde regien. Framsyninga turnerte til grendehus og glede born og familiepublikummet i heile Vestland. Vi tok og opp att ein annan klassikar for born, den kritikarroste framsyninga «Jenta med fyrstikkene» i regi av Miriam Prestøy Lie. Framsyninga hadde premiere under pandemien, og er ein av dei siste oppattakingane vi har av repertoaret frå pandemiåra. Dette er ei særst rørende og politisk hardtslåande framsyning av barnefattigdom, der publikum er medverkande. Ei annleis juleframsyning for heile familien, som eg er veldig stolt av.

Teater Vestland tek eit særleg ansvar for nynorsk språk og fremjar nynorsk som scenespråk, kvardagsspråk og kunstspråk.

Særleg er dette viktig i vår store satsing på teater for barn og unge.

Det er ingen tvil om at nye lokale, scener og verkstader betyr mykje for Teater Vestland. Takk til Storehagen Eigedom AS, til entreprenør Åsen & Øvreid og til

alle støttespelarar som har gjort dette mogleg. Takk til våre eigarar Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune, som heile vegen har stått saman med oss for å få dette til, og til alle i forvaltningsnivåa, både politisk og i administrasjonane, som sytte for at vi fekk på plass økonomien. Takk også til eit løysingsorientert styre, som har stått saman med oss i dette krevjande annleisåret. No står Nynorskhuset her! Og saman med NRK Vestland, nynorskavisa Firda, Nynorsk mediesenter og Nynorsk Avissenter har vi forplikta oss til eit samarbeid for det nynorske språket. Eit av samarbeida vi fekk til i 2023, var ein storslegen «Fest for Fosse» då han fekk Nobelprisen i litteratur. Fosse takka nynorsken i talen sin, og sette med det nynorsken på kartet på same tid som Teater Vestland flytta inn i det splitter nye Nynorskhuset. Då var det også naturleg å bli med i Det Vestnorske Teateret sitt initiativ «Fosse ord for ord», ei lesing av all Fosse sin dramatikk, som vil bli liggande på NRK TV i lang tid.

På vegner av Teater Vestland vil eg og takke Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest. Utan deira store gåver ville det ikkje vere mogleg for teateret å starte opp tilbodet vårt for både born, ungdom og vaksne amatørar. Teater Vestland har vidareført samarbeidet med Sunnfjord kulturskule og starta opp eit teatertilbod for ungdom. Vi lagar scenografi til alle framsyningane deira (cirka 80 elevar), og vi har i tillegg halde kurs for born i skuleferiane. I år var det musikkurs og sirkusskule. Eldre teaterinteresserte ungdommar

har vore med som løna assistentar saman med ein profesjonell instruktør. Teateret har, gjennom denne støtta, også fått moglegheit til å spele ein viktig rolle som regionalt kompetansesenter og samarbeidspartnar for det frie feltet, og gåvene har gjort det mogleg for oss å halde fram arbeidet med Nynorsk scenespråksenter, som vil starte opp med fyrste kull våren 2025.

Eg stolt av at vi har oppfylt Teater Vestland sin visjon om «Å røre folk med opplevingar de ikkje har hatt før». Publikum i 24 kommunar i fylket kunne oppleve både klassikarar og samtidsdramatik. Vi hadde fire urpremierar av ny dramatik: «Mødrevariasjonar», «Skogsopplevingar», «Tollak til Ingeborg» og «Torn og Rose i Eventyrland». «Mødrevariasjonar» er òg gitt ut i bokform. Vi har gjort eit stort arbeid med ny teknologi og kan difor trygt slå fast at vi har vore ein pådrivar for utvikling av nynorsk dramatik, nynorske stemmer, kunstnarleg utvikling og fornying av scenekunst på nynorsk.

Til saman har vi spilt 228 framsyningar i 35 ulike spelelokale. På våre egne scener i Førdehuset og Nynorskhuset viste vi til saman 72 framsyningar, samarbeidsprosjekt, ulike gjestespel og konsertar i løpet av året. Ut frå føresetnadane med etterverknadane av pandemi, dyrtid og dei utfordringane som nytt hus har bydd på, er vi godt nøgde med eit endeleg publikumstal på 29 549, der cirka halvparten er frå

eigenproduksjonar og halvparten frå samproduksjonar og samarbeidsprosjekt. I Vestland fylke sin regionale kulturplan 2023–2035 står det «Forskning viser at kultur er helsefremjande. Kulturopplevingar og deltaking kan motverke inaktivitet og utanforskap.»

Vi er difor og stolte av vår høge turneaktivitet, som gjer det mogleg for publikum i Sogn og Fjordane og delar av Hordaland å få profesjonelle teateropplevingar i eigen by eller eiga bygd.

Alt dette er mogleg fordi vi har ein fast stab av dyktige medarbeidarar. Og eg må få takke alle desse litt ekstra akkurat i år, for det er særskilt krevjande å flytte eit heilt teater. Å flytte fører med seg nye vanar, nye tradisjonar og nye måtar å drifte på. Innflytting i nytt teaterhus blei forsinka i høve opphavleg plan, og vi har difor brukt mykje tid og ressursar på å endre planane våre. I september hadde vi prøver på dagtid og installasjon av teknikk på natt for å komme i mål til opninga.

Vi klarte diverre ikkje å hente inn heile dette etterskotet i 2023. Eg vil difor takke alle for den store innsatsen, for tolmodet og for alle timane som er lagt ned både heime og på vegane. Eg er utruleg stolt av dykk og av resultatet de har levert i året som har gått, både med produksjon, drift, flytting og ute på vegane. Publikum har fått nytte eit breitt og godt teatertilbod der dei bur, og Teater Vestland har vore ein møteplass for nye og gamle publikummarar i heile fylket.

Avslutningsvis vil eg takke alle kunstnarane. Teater Vestland er avhengig av dei gode, skapande kreftane vi har tilsett på huset, men òg alle dykk frilansarar som valde å komme til oss for å levandegjere historiene publikum fekk i 2023. Og ein stor takk til alle dykk som kom på framsyningane våre. Utan dykk – inkje teater!



Cecilie Grydeland Lundsholt
Teatersjef



MØDRE-VARIASJONAR

Urpremiere 24. februar
Førdehuset, Teatersalen

Tal framsyningar: 21
Besøktal: 1.609
Formidlingsaktivitet: 3

KUNSTNARLEG LAG

Dramatkar og regissør **Lene Therese Teigen**
Scenograf og kostymedesignar **Christine Lohre**
Komponist **Tov Ramstad**
Lysdesignar **Krystian Myska**
Språkkonsulent manus **Tove Bakke**
Medverkande **Oda Alisøy, Carina Furseth,**
Idun Losnegård, Katrine Lunde Mackenzie

PRODUKSJON

Scenografi **Svein Yngve Haukedal, Kjell Furevik,**
Tore Eide, Halldor Horne, Odd Magne Herland
Kostyme **Ingvill Fjeldstad**
Rekvisitt **Joanna Szczyпка**
Hår og sminke **Synnøve Ringdal**

TURNÉLAG

Turneleiar/teknikar **John Kaare Hoversholm**
Scenemeister/teknikar **Tore Eide**
Lysteknikar **Jan Tjønneland**
Lydtteknikar **Robert Tomkiewicz**
Sjåfør/teknikar **Halldor Horne**
Sjåfør/teknikar **Odd Magne Herland (1 veke)**

Plakattfoto **David Zadig**



*Teater Vestland har treft blink:
Har skrive seg inn til beinet av det å verte mor.*
-NRK

*Mødrevariasjonar på Teater Vestland fekk meg til å ringe mor
mi og diskutere det å vere mor, sjølv om eg ikkje har barn.*
-Firda


Et klokt, innsiktsfullt og fint teaterstykkje
-Åsane Tidende

Morsomt om å bli mor
-BT

*Men det er regien som gjer kvelden.
Passe involvering av medspelarar i
salen. Passe skummelt. Frydefull lått
frå små og store. Eit fantasistykke med
tempo. Eit stykke som dyrkar leiken.
Eitt heilt bilde og eit halvt tusen ord.*

- Hans Jakob Reite, kulturbloggar





PETER PAN

UNDER DEN MAGISKE MÅNEN

Premiere 24. mars
Førdehuset, Teatersalen

Tal framsyningar: 24
Besøktal: 1.481
Formidlingsaktivitet: 1

KUNSTNARLEG LAG

Av **Mike Kenny**

Gjendikta til norsk ved **Terje Lyngstad**
Regi og visuelt uttrykk **Philipp Stengele**

Lysdesignar **Krystian Myska**

Medverkande **Kyrre Eikås Ottersen, Peder Lauvås, Oda Kirkebø Nyfløtt**
Forlag **Colombine Teaterforlag**

UNDERNEATH A MAGICAL MOON © MIKE KENNY 2016

Copyright agent: Alan Brodie Representation Ltd www.alanbrodie.com
Originally commissioned and first produced by tutti frutti productions

PRODUKSJON

Scenografi **Svein Yngve Haukedal, Kjell Furevik, Tore Eide, Halldor Horne**

Kostyme **Ane Gotaas**

Rekvisitt **Joanna Szczypka**

Hår og sminke **Synnøve Ringdal**

TURNÉLAG

Turneleiar/teknikar **Reidun Støfring**

Scenemeister/teknikar **Svein Yngve Haukedal**

Lysteknikar **Krystian Myska**

Plakatfoto **David Zadig**

Grafisk uttrykk **Univerket**

SKOGSOPPLEVNIGAR

EI TEATEROPPLEVING PÅ ØYRET

Skogsopplevingar er ei annleis teateroppleving. Det er ein lydkomposisjon med naturen som scenografi.

Teateropplevingar krev som regel at du må kjøpe billett og møte opp på ein bestemt stad til eit gitt klokkeslett. Skogsopplevingar er ein 20 minutt lang podkast som du høyrer på ute i naturen, og som får deg til å oppleve både det du kan sjå og det du ikkje kan sjå.

Skogsopplevingar tar i bruk binaural lyd, også kalla 3D-lyd. Med Skogsopplevingar tilbyr Teater Vestland ei gratis oppleving du kan laste ned og ta med ut på tur når det passer for deg, og som du kan lytte til igjen og igjen.

Det er ei oppleving du har åleine her og no. Lydopplevinga finn ei der ein vanligvis lyttar på podcast: Spotify, Google podcast, Apple podcast, A-cast med fleire.

DAGSTURHYTTENE

Teater Vestland har inngått eit samarbeid med Dagsturhyttene i Vestland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune.

Målet med hyttene er å stimulere turglede i trygge rammer. 83 dagsturhytter er no med i samarbeidet. Dagsturhyttene kan gjerne kallast mikrokulturhus.

Inne i desse mikrokulturhusa i det grønne er det allereie små bibliotek, og no heng det eit skilt med QR-kode, som du skannar med

telefonen og som dirigerer deg vidare til nedlasting/strøyming av Skogsopplevingar av Teater Vestland. Her blir turgåarane oppmoda om å ta på seg høyretelefonar og traske av garde i naturen, og dei får beskjed om kva du skal gjere.

Skogsopplevingar er naturvern gjennom å auke merksemda og interessa for naturen. Naturvern utan moralisering kan det og kallast.



TILBAKEMELDING FRÅ LYTTARAR:

«Etter om lag 20 minutt var Teater Vestland si «Skogsoppleving» over, men mi skogsoppleving vart sterkere etter å ha høyrte på stykket.»

«Jeg bor midt i hjertet av en bjørkeskog og andre ville vekster. Jeg sitter nå og hører podkasten og har ei oppleving av livet mitt som jeg ikke visste at jeg hadde.»

Urpremiere: 10. juni

Tal avspelingar: 351

KUNSTNARLEG LAG

Regissør **Elisabeth Topp**

Lyddesignar **Eirik Havnes**

Medverkande **Idun Losnegård, Kyrre Eikås Ottersen og Carina Furseth**

Grafisk uttrykk **Univerket**



Foto: Heidi Halvåsen





Foto: Arne Stubberg

KINNASPELET

- SONGEN VED DET STORE DJUP

Premiere 17. juni
Kinn

Tal framsyningar: 3
Besøkstal: 2 100

KUNSTNARLEG LAG

Av **Rolf Losnegård**

Komponist **Per Janke Jørgensen**

Regissør **Oda Alisøy**

Inspisient **Jenny Pettersen**

Musikalsk ansvarleg **Harald Dahlstrøm**

Musikarar **Arne Hammer, Jacob Wyrzt, Rolf Prestø, Grethe Westbø**

Teknikar **Robert Tomkiewicz**

Teknikar **Odd Magne Herland**

Sminkør/frisør **Polina Parasochka**

I ROLLENE

Borni **Sunniva Carina Furseth**

Magrete prestefrille **Idun Losnegård**

Prest **Kyrre Eikås Ottersen**

Tarve/vikingkongen Ramn **Peder Lauvås**

Danskekongen sin fut **Per Bogstad Gulliksen**

150 frivillige og amatørar

Produsert i samarbeid med Kinnaspelet





«Ein veldig fin halvannan time med underholdning for dei minste, og ikkje så reint få av dei vaksne»

- Firda

«Tekno-teater: Törn og Rose i en utvidet virkelighet. Det er utvilsomt en forestilling på barnas premisser, de er høykompetente på det visuelle, de kan sin gaming og er gode på å orientere seg visuelt»

- Periskop.no

«Frisk forsmak på framtidens barneteater»

- Rana No

«Ei heilt ny og spanande teateroppleving»

- Scenekunst.no



TORN & ROSE

I EVENTYRLAND

Urpremiere: Nordland Teater,
Mo i Rana 30. august
Besøktal Nordland Teater: 1.642
Besøktal DKS i Nordland: 1.060
Tal framсыningar Nordland Teater: 24

KUNSTNARLEG LAG
Dramatkar og regissør
Cecilie Grydeland Lundsholt
Scenograf og kostymedesignar **Birgitte Strid**
Dramaturg **Kristian Lykkeslet Strømskag**
Komponist **Johann Prell**
Lyddesignar/Foley artist **Yvonne Stenberg**
Prosjektleiar, Storyline Studios **Vidar Grande**
Lysdesignar **Vegar Angel Andreassen**
Videodesignar **David Lejard-Ruffet**
Produsent **Anders Nybø**
Prosjektleiar, Glitch Studios **Sami Hamid**
Animatør **Cenk Koksal**
AR-utviklarar **Onat Döker, Hasan Ulas Sarikaya**
Teknisk rådgjevar, ARShow **Isaac Barel**
Produksjonsrågjevar, ARShow **Sasha Kreindlin**
AR-teknikar **Joe Even Maribo Bråtane**

PRODUKSJON
Nordland Teater

Samarbeidspartar:

NORLAND
TEATER



TE
ATRE
TVÅRT

Nypremiere Nynorskhuset, Førde 12. oktober
Besøktal Teater Vestland: 2.693
Tal framсыningar Teater Vestland: 26
Formidlingsaktivitet: 2

Medverkande **Carina Furseth, Peder Lauvås,**
Linda Brean Mathisen (Nordland Teater)
Idun Losnegård (Teater Vestland)

Turnélag Vestlandet
Inspisient/turneleiar **Reidun Støfring**
Scenemeister/teknikar **Svein Yngve Haukedal**
AR-teknikar **Joe Even Maribo Bråtane**
Lydteknikar **Robert Tomkiewicz**
Lysteknikar **Magne Gjeraker**
Teknikar **Sara Fuglu**
Teknikar **Kristin Sandal**
Sjåfør/teknikar **Odd Magne Herland**
Sjåfør/teknikar **Halldor Horne**
Publikumsvertar Nynorskhuset
June Haugum, Andrine Wie, Ann-Sylvi Nyrud

Plakatfoto **Bjørn Leirvik**
Digital illustrasjon **Catia Gabriele/Morgana**
Plakatuttrykk/komposisjon **Univerket**

Prosjektet er støtta av Kulturdirektoratet

gl'tch studios **ARSHOW** **Storyline** **mobit**



Foto: David Zadig

TOLLAK TIL INGEBORG

Urpremiere: 28. september
Nynorskhuset Førde

Tal framsyningar Teater Vestland: 5
Besøktal Teater Vestland: 1.121

Tal framsyningar Riksteatret: 40
Besøktal Teater Riksteatret: 11.964
Formidlingsaktivitet: 1

KUNSTNARLEG LAG

Forfatter og dramatiker **Tore Renberg**

Regissør **Miriam Prestøy Lie**

Scenograf og kostymedesignar **Milja Salovaara**

Lysdesignar **Martin Myrvold**

Komponist og lyddesignar **Selma Stang**

Musikalsk medprodusent **Odd Martin Skålnes**

Koreografisk assistanse **Kristin Ryg Helgebostad**

Språkkonsulentar **Terje Lyngstad** og **Eldbjørg Lognvik**

Produsent **Silje Vigerust Vinjar**

Medverkande **Kyrre Eikås Ottersen, Stian Isaksen, Malene Wadel,**

Harald Ottesen Nødtvedt, Andrine Sæther

PRODUKSJON

Scenografi **Riksteatret**

Kostyme **Stina Lunde, Ingvill Fjeldstad**

Rekvisitt **Joanna Szczypka**


Hår og sminke **Synnøve Ringdal**

Publikumsvertar Nynorskhuset **June Haugum, Andrine Wie, Ann-Sylvi Nyrud**

TURNÉ

Riksteatret

Plakatfoto **David Zadig**

Samarbeidspart:  **TEATRET**

«Mørk og dirrande, med ein
god hovudrolleprestasjon.»
- NRK



«Sterke skuespillere bærer en bekmørk
forestilling som truer med å synke
inn i skyggene»
- Dagsavisen

«Tollak til Ingeborg er ei heilstøyt
framsyning med knallgode karakterar
og musikk som lindrande motvekt til alt
det vonde.»
- Scenekunst.no



«Nynorsken har fått ein ny klassikar»
- Bergens Tidende



Foto: Espen Nytinges

JENTA MED FYRSTIKKENE

Nypremiere: 24. november
Nynorskhuset, Førde

Tal framsyningar: 18
Besøkstal: 588

KUNSTNARLEG LAG

Av **H.C. Andersen**

Regissør **Miriam Prestøy Lie**

Dramaturg **Cecilie Grydeland Lundsholt**

Visuelt uttrykk **Synnøve Ringdal**

Komponist, musikkproduksjon og lyddesign **Thea Hjelmeland**

Lysdesignar **Krystian Myska**

Omsetjar **Terje Lyngstad**

Medverkande **Carina Furseth, Idun Losnegård, Peder Lauvås**

FRAMSYNINGSLAG NYNORSKHUSET

Inspisient **Kristin Sandal**

Lydteknikar **Robert Tomkiewicz**

Lysteknikar **Magne Gjeraker**

Teknikar **Halldor Horne**

Publikumsvertar Nynorskhuset **June Haugum, Andrine Wie, Ann-Sylvi Nyrud**



FEST FOR FOSSE

Kvar var du då Jon Fosse fekk Nobelprisen i litteratur? Vi var på fest på det nynorske grunnfjellet i i Nynorskhuset i Førde. Ein treretters for kropp og sjel.

Fest for Fosse var eit samarbeid med Rom for Ord, NRK, Røyst mat & vin og Sunnfjord kommune.

Ordførar Jenny Følling, kultursjef Anita Nordheim og leiar i Førde Mållag, Terje Lyngstad, heldt talar. Det vart servert ettermiddagste komponert av Røyst mat & vin og Christel Eide med smakar av Strandebarm, Hardanger, Kaffistova og Wien.



Så direkteoverførte vi prisutdelinga frå Stockholm til ståande applaus, før kvelden vart avslutta med diktkonserten Blått Svev med Hildegunn Riise og Benedicte Maurseth.

Det er første gong i historia at ein nynorsk forfattar mottar Nobelprisen i litteratur – og 95 år sidan sist ein norsk forfattar har blitt heidra på denne måten.

Teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt var vert saman med Stian Sjørnsen Takle (NRK) og Janne Karin Støylen (Rom for ord). Og med det seier vi eit stort og rungande «gratulerer, Fosse!»


FOSSE ORD FOR ORD

Nobelprisen i litteratur blei markert med høgtlesing av Jon Fosse sin dramatikkk på Det Vestnorske Teateret natt og dag heile helga fram til prisutdelinga på søndagen. Teater Vestland var stolt bidragsytar.

47 skodespelarar – der Teater Vestland sine skodespelarar Idun Losnegård, Carina Furseth, Peder Lauvås og Kornelia Melsæter – var med å las alle Jon Fosse sine teaterstykke på 40 timar, sendt ord for ord på NRK.

Verdas lengste teaterhending var initiert og produsert av Det Vestnorske Teateret og NRK i samarbeid med Teater Vestland, Det Norske Teatret, Den Nationale Scene og Studentteateret Immaturus.

I Førde strøynde vi høgtlesinga via storskjerm og høgtalarar på Nynorskplassen framfor Nynorskhuset. Fosse i byrommet.



TUSEN TAKK FOR OSS, KJÆRE FØRDEHUSET

I juni 2023 var ein æra over. Vi hadde halde til i Førdehuset i heile vår levetid; ein varm og rustraud klem som varte i 46 år. No pakka vi saman pikkpakket vårt og flytta til Nynorshuset midt i Førde sentrum.

Teateret og Førdehuset var uløseleg knytte til kvarandre i nesten femti år, og vi vaks i lag. I 1997 vart Førdehuset utvida med ny teatersal og verkstader. Så vaks vi frå kvarandre. Folketalet i Førde skaut i vêret i løpet av alle desse åra, og kulturen og idretten på Førdehuset trengde plassen sjølve. Teateret sine behov endra seg også, og vi trengde lokale som var tilpassa moderne teaterdrift.

Vi tar med oss alle dei gode minna. Første teaterframsyninga i Førdehuset var «Dei sist maksveringane» med premiere 28.10.1977. Den siste framsyninga i Førdehuset var «Peter Pan - under den magiske månen» med teppefall 29.04.23. I løpet av alle desse åra hadde teateret 235 premierar i Førdehuset, i tillegg til 46 premierar på ulike spel, samt andre samarbeid.

9 personar har vore i teatersjefstolen på Førdehuset:


Anne Gullestad (1980–1987)
Norvald Teigen (1988–1990)
Emte Stag (1991–1999)
Mette Brantzæg (2000–2003)
Terje Lyngstad (2004–2015)
Bodil Kvamme (2016–2020)
Margunn Grytten Selvik (konstituert 2016)
Solrun Toft Iversen (konstituert 2016)
Cecilie Grydeland Lundsholt (2021–)






NYNORSKHUSET BLIR TIL


2017

 **05.09.2017**
Ideen om Nynorskhuset vart presentert for Sogn og Fjordane Teater av Terje Gilleshammer frå NRK og Arve Sandal

 **06.12.2017**
Fylkeskommunen får presentert ideen om Nynorskhuset av styreleiar for teateret, Rasmus Mo, og Arve Sandal

2018


 **06.07.2018**
Kulturminister Trine Skei Grande får presentert planane om Nynorskhuset av Arve Sandal

 **02.11.2018**
Vedtak i bystyret i Førde kommune


 **14.11.2018**
Vedtak i fellesnemnda for nye Sunnfjord kommune

 **04.12.2018**
Vedtak i fylkestinget i Sogn og Fjordane

2019

 **01.03.2019**
Søknad til Kulturdepartementet om løyving til Nynorskhuset
Vedtak Førde bystyre

 **19.09.2019**
Styret i Sogn og Fjordane Teater vedtek og sender søknad til eigarane om deltaking i Nynorskhuset

 **05.10.2019**
Statsbudsjettet 2020. Framlegg om 1 MNOK til teateret og Nynorskhuset

 **08.10.2019**
Vedtak Sogn og Fjordane fylkeskommune

2020

 **21.02.2020**
Samarbeidsavtalen signert. Avtalen gjeld førbuving, konkurranse og gjennomføring

 **31.03.2020**
Handelshuset leverer prekvalifiseringsdokumentasjon


 **10.09.2020**
Start tingingar med Handelshuset AS


2021

 **20.04.2021**
Leigeavtale godkjent og signert


 **21.04.2021**
Teater Vestland signerer leigeavtale med Storehagen Eigedom

 **11.11.2021**
Riving på tomt (Firda Billag-garasje)

 **25.11.2021**
Entreprenør Åsen & Øvrelid startar bygging av Nynorskhuset

 **10.12.2021**
Samarbeidsavtale om drift og innhald i Nynorskhuset godkjent og signert

2022


 **29.11.2022**
Naudsynte ekstra-løyvingar til husleige inne på statsbudsjettet

 **11.12.2022**
Nynorskhuset er tett

2023

 **15.06.2023**
NRK Vestland og Nynorsk mediasenterer flyttar inn i sine lokale i 2. og 3. etg.

 **19.06.2023**
Første lokalsending frå NRK Vestland i nytt radiostudio i Nynorskhuset

 **20.06.2023**
Firda og Nynorsk Avissenter flyttar inn i sine lokale i 3. og 4. etg.

 **18.06.2023**
Teater Vestland flyttar inn i sine lokale i 1., 2., 3. og 4. etg.

 **20.09.2023**
Røyst mat og vin opna i Nynorskhuset

 **28.09.2023**
Offisiell opning av Nynorskhuset

 **28.09.2023**
Første teaterframsyning i Nynorskhuset: Tollak til Ingeborg



FØRDE SENTRUM,
HER KJEM VI



OPNING AV NYNORSKHUSET

28.-30. september

I tre dagar markerte vi opninga av
Nynorskhuset, og for ei feiring det vart!

Over 3000 små og store tok turen på dei ulike arrangementa: snorklipping med talar og kulturelle innslag, teaterframsyning med Tollak til Ingeborg av Tore Renberg, Linda Eides Språksjov, Synne Vo-konsertar, omvisingar, nasjonal språkkonferanse, teaterbingo, lesestund, opning av Nynorskplassen, NRK Super Show med Fantorangen og etterfest kvar kveld. Vi er så glade for alle som tok turen, og vi kjenner oss svært velkomne midt i Førde sentrum.



Program for opningshelga

Torsdag 28.09
Offisiell opning av Nynorskhuset
v/Statssekretær Even Aleksander Hagen
19:00 Urpremiere «Tollak til Ingeborg»





Freitag 29.09
11:00–16:00 Nasjonal språkkonferanse:
Nynorsk i rampelyset
18:00 Linda Eides Språksjov
20:00 Linda Eides Språksjov
20:30 Systrene Bruns Teaterbingo
21:30 Open etterfest i Røyst mat & vin

Laurdag 30.09
10:30 Familieshow med NRK Super
12:00 Opning av Nynorskhuset på Nynorskplassen
12:30–16:00 Omvisingar i Nynorskhuset
13:30 Familieshow med NRK Super
18:00 Framsyning «Tollak til Ingeborg»
19:30 Konsert med Synne Vo (Under 18 år)
22:00 Konsert med Synne Vo
23:00 Open etterfest i Røyst mat & vin

NYNORSKHUSET

PHOTO CREDIT: ARNHEIMOD SVESJE OG TRAFALD RYNNØS





NASJONAL SPRÅKKONFERANSE

«Nynorsk i rampelyset» var tittelen på språkkonferansen som fann stad under opninga av Nynorskhuset. Meir og mindre kjende nynorskbrukarar fortalde om erfaringane sine med å bruke nynorsk i ulike bransjar.

Deltakarne fekk presentert ei rykande fersk undersøking som tok tempen på korleis det eigentleg står til med nynorsken, og det heile vart avrunda med ein paneldebatt.



SPRÅKKONFERANSE 2023

Nynorsk i rampelyset

11.00 OPNINGSINNSLAG V/TEATER VESTLAND

11.05 VELKOMMEN V/ARIANRHOD ENGBØ
OG HARALD THINGNES

11.10 OPNING V/STATSSEKRETÆR
EVEN ALEKSANDER HAGEN

11.20 HELSING FRÅ KRINGKASTINGSSJEF
VIBEKE FÜRST HAUGEN

11.30 NYNORSKFLUGL I BOKMÅLSLAND
- INGVILD BRYN

NRK-anker Ingvild Bryn har gjennom eit langt yrkesliv gjort seg mange erfaringar som nynorskbrukar i riksmidia. Ho har vore NRK sin korrespondent i USA og programleiar i Dagsrevyen i ei årrekke. Her fortel ho om korleis språkengasjementet starta i barndommen, vegen vidare og korleis det er å vere eksponert nynorskbrukar som anker for NRK sitt flaggskip på riksekkende fjernsyn.

12.20 LUNSJ

13.00 NYNORSKBRUKARAR I RAMPELYSET

ERIK ULFSBY – teatersjef ved Det Norske Teatret i Oslo
TORE RENBERG – forfattar
KAREN ANNA KLEPPE og
TRINE SVANHOLM MISJE – journalistar i TV 2

Vi får høyre om erfaringane med å bruke nynorsk til formidling i ulike bransjar. Kva fordelar og ulemper kan det vere, og kva opplevingar har dei ulike gjestane? Erik Ulfsby har gjort Det Norske Teatret til eitt av dei viktigaste teatera i landet, tospråklege Tore Renberg fått Nynorsk litteraturpris for «Tollak til Ingeborg» og journalistane Karen Anna Kleppe og Trine Svanholm Misje har vore pionerar for nynorsk på nettsidene til TV 2.

13.40 PAUSE

14.00 PRESENTASJON AV MEININGSMÅLING OM STATUS FOR NYNORSKBRUKARAR I DAG

Vi får presentert funn frå ei fersk undersøking om status for nynorskbrukarar rundt om i landet. Korleis opplever folk flest det å vere nynorskbrukar i Noreg i dag? Undersøkinga er bestilt av NRK Nynorsk Mediesenter, Nynorsk avissenter og Teater Vestland, og er gjort i samarbeid med LNK, Nynorsk kultursentrum og Noregs Mållag. Presentert av Svein Olav Langåker, dagleg leiar i Landssamanlutninga av nynorsk kommunar (LNK)

14.20 SAMTALE OG DISKUSJON, MED INNSPEL FRÅ SALEN

Bakteppet for diskusjonen er undersøkinga og det vi har fått høyre frå innleiarane. Kva synest dei om situasjonen, kva er positivt og kva er utfordringane? Deltakarane diskuterer og prøver å sjå inn i glasskula. I panelet finn vi Lise-May Sæle (student og politiskar (H)), Lars Ivar Nordal (Språkrådet), Svein Olav Langåker (LNK), Karoline Riise Kristiansen (språksjef i NRK), Peder Lofnes Haug (Noregs Mållag) og Magni Øvrebotten (pensjonert nynorskfor kjempar i NRK).

15.00 PAUSE

15.10 NYNORSKHUSET

V/ARVE SANDAL og RASMUS MO

Vi får høyre om visjonane bak Nynorskhuset og korleis ideen vart ein realitet.

15.30 REKRUTTERINGSTILTAKA I FØRDE

Kva rolle kan aktørane i Nynorskhuset spele for nynorsken i framtida? Vi får høyre meir om korleis det blir jobba med rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar ved NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter. Det blir og informasjon om status for Nynorsk scenspråksenter. Rune Fossum Lillesvangstu, leiar NRK Nynorsk mediesenter. Ingunn Osland, leiar Nynorsk avissenter. Cecilie Grydeland Lundsholt, teatersjef. Terje Lyngstad, rapportskrivar og tidlegare teatersjef for Sogn og Fjordane Teater.

15.45 MUSIKKINNSLAG V/SIGRID MOLDESTAD

15.55 AVSLUTNING med frampek til kveldens Språksjov m/ Linda Eide

16.00 SLUTT



NYNORSKHUSET



Konferansierar var **Arianrhod Engebø** og **Harald Thingnes**.

Desse deltok frå scena:

Idun Losnegård og **Viljar Losnegård** framførte

«Send storm» frå framsyninga med same namn

Statssekretær **Even Aleksander Hagen**

Nynorskfugl i bokmålsland **Ingvild Bryn**

Kringkastingssjef i NRK **Vibeke Først Haugen**

Teatersjef ved Det Norske Teatret **Erik Ulfsby**

Forfattar **Tore Renberg**

Journalist **Karen Anna Kleppe**

Journalist **Trine Svanholm Misje**

Svein Olav Langåker frå LNK med fersk nynorskrapport

Pensjonert nynorskforkjempar i NRK **Magni Øvrebotten**

Student og Høgre-representant **Lise-May Sæle**

Lars Ivar Nordal i Språkrådet

Språksjef i NRK **Karoline Riise Kristiansen**

Styreleiar i Teater Vestland **Rasmus Mo**

«Nynorshusets far» **Arve Sandal**

Rune Fossum Lillesvangstu i NRK Nynorsk mediesenter

Ingunn Osland i Nynorsk Aviscenter

Tidlegare teatersjef og språkkonsulent **Terje Lyngstad**

Teatersjef ved Teater Vestland **Cecilie Grydeland Lundsholt**

Musikar **Sigrid Moldestad**

NRK-profil og musikar **Halvor Folgerø**

Linde Eides språksjov sin eigne pianist **Sjur Hjeltnes**

Jammen svinga **Linda Eide** innom også

NYNORSK SCENESPRÅK- SENTER

2023 blei året då vi slo fast at Nynorsk scenespråksenter er liv laga! Rapporten «Nynorsk scenespråksenter – liv laga» blei lagt fram i februar.

Styringsgruppa bestod av leiarduoen ved Teater Vestland, teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt og direktør Margun Grytten Selvik. Prosjektet vart leia av Terje Lyngstad, som omset ei rekke teaterstykker ved teateret og har ansvaret for å følge opp skodespelarane i det praktiske arbeidet med nynorsk og scenespråk. Med i prosjektgruppa var også Eldbjørg Lognvik, ein av landets fremste kapasitetar på dialekt-omlegging.

Noreg har nær 1300 registrerte skodespelarar, og få av dei har opplæring i nynorsk og bruk av dialekt. I ei undersøking seier 24 av 32 skodespelarar at dei har stort behov for å auke kompetansen på desse områda, og 28 av dei kan tenke seg etterutdanning i god nynorsk og truverdig scenespråk.

Basert på granskinga konkluderer rapporten med at Teater Vestland bør etablere eit nasjonalt senter for nynorsk og scenespråk i Nynorskhuset i Førde.



TILDELING AV MIDLAR

I løpet av året fekk etablering av Nynorsk scenespråksenter støtte både frå privat næringsliv og det offentlege.

10. november 2023 kom Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane på overraskingsbesøk med 3 millionar kroner i gåve.

– Dette er draumen x tusen. Det var dette vi ville då vi etablerte Nynorskhuset; skape større miljø enn vi kom frå og ein hub med institusjonar som kan utvikle språket vårt, sa styreleiar Rasmus Mo.

Nynorsk scenespråksenter fekk og 450.000 kroner i KUP-midlar (Kulturelt utviklingsprogram) frå Vestland fylkeskommune.



TEATER OG DIGITALISERING

I 2021 starta Teater Vestland (TVL) og Nordland Teater (NT) eit prosjekt for å utforske ny teknologi, og dette prosjektet vil halde fram inn i 2024.

I 2023 skapte TVL og NT AR-framsyninga «Torn & Rose i Eventyrland», og i løpet av året kom også Teatret Vårt (TV) med på laget. Bak låg to år med utforsking av kva ny teknologi kan ha å seie for teateret som bransje, både i drifta og i utviklinga av kunstnarlege konsept. Det vart tidleg klart at arbeidet med AR var så utfordrande at det kravde hovudfokus. Løysinga vart eit samarbeid med AR Shows og Glitch Studios, som begge sat på kvar sine ressursar.

I framsyninga fekk publikum utdelt AR-briller. I Auka Røynd vert eit lag med digital informasjon lagt oppå verkelegheita, og

gjennom AR-brillene fekk publikum sjå ein fiskestim og ein lys levande drake på scena, og dei fekk vere med og skyte på skruffuge-blink. Framsyninga var på turné både i Nordland og Vestland, og i 2025 står Møre og Romsdal for tur. Tre av landets fylke får glede av arbeidet som er lagt ned.

Utforskinga har også fordelar i vanleg drift. For å sikre presisjonen i arbeidet nytta TVL 360-skanning av alle salane i turneområda. Teatera har no gode 3D-modellar av spelestadene, der ein kan bevege seg rundt i sal og scene, anten med VR eller på mobil/data-maskin. Dette er eit nyttig verktøy med tanke på å kontrollere siktlinjer mellom anna.

Kunnskapen skal delast under Heddadagene i form av føredrag og seminar for teaterbransjen våren 2024.



Vår eigen teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt i heilgrønt under utdelinga på Nordic VR Forum i Hamar.

LØNA MED FLEIRE PRISAR

I 2023 fekk TVL og NT fleire prisar for det eksperimentelle arbeidet med teater og digitalisering.

I september var dei to teatersjefane Cecilie Grydeland Lundsholt og Birgitte Strid, høvesvis regissør/dramatiker og scenograf/kostymedesignar for «Torn & Rose i Eventyrland», til stades då Norsk Publikumsutvikling delte ut pris i kategorien «fornyar». «Torn & Rose i Eventyrland» er eit godt eksempel på kva ny teknologi kan nyttast til på scena, kjem det fram av juryen si grunngeving, der dei også heidra teatera for å bidra til språket med eit nytt, nynorsk omgrep: Auka Røynd.

I grunngevinga står det: «Årets FORNYER har de siste to årene eksperimentert med ny teknologi basert på et ønske om å utvikle teaterkunst på

premissene til det unge og visuelt toptrente publikummet – et publikum som konsumerer film og spill i stor grad, men som ikke er like interessert i å gå på teater.»

Knapt to månader seinare vart «Torn & Rose i Eventyrland» heidra med to nye prisar i den årlege VRINN Awards, i kategorien «Arts and Culture» og ikkje minst juryen sin spesialpris. Teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt var til stades på konferansen Nordic VR Forum for å motta prisane.

Prisane er ei anerkjenning av «det umoglege» teatera har fått til – og ei stor ære. VRINN Awards er for spel og VR-bransjen det Heddaprisen er for teater; den største og viktigaste bransjekåringa.



I tillegg til pris i kategorien «fornyar» fekk Teater Vestland skryt for å bidratt med eit nytt, nynorsk omgrep: Auka Røynd.

SCENEKUNST FOR BARN OG UNGE

2023 var det tredje året i ei fireårig satsing på scenekunst for barn og unge. Satsinga følgjer teatersjef Cecilie Grydeland Lundhsolt i hennar første årsmålsperiode.

TVL har fokus på barn og unge både i val av repertoar og i annan formidlingsaktivitet, med tilbod om kurs, talentutvikling og «Ekspertar i prosess».

I 2023 turnerte TVL med to produksjonar for barn og unge: «Peter Pan – under den magiske månen» og «Torn & Rose i Eventyrland». I tillegg sette vi opp att «Jenta med fyrstikkene» som hadde premiere i 2021 og var særleg usett for avlysingar under pandemien.

V heldt fram arbeidet med å gi dei yngste i Sunnfjord eit levande teatermiljø. Saman med Sunnfjord kulturskule laga vi heilårig teaterskule for 80 barn, og i tillegg arrangert vi teaterskule i feriane med fleire titals deltakarar.

Vi nytta referansegrupper frå barnehagar og skular i prøverperiodane, og i arbeidet med Torn & Rose i Eventyrland henta vi inn ein barnedramaturg, 7 år gamle Benjamin, som var til uvurderleg hjelp.

TVL meiner at barn har rett på scenekunst av høg kunstnarleg kvalitet og jobbar aktivt med barneperspektivet.



TRØBBEL I CAMELOT

I juni spelte elevane på den heilårige teaterskulen fleire opne framsyningar av musikalen «Trøbbel i Camelot», den eine under kulturturnatta i Førde.

«Trøbbel i Camelot» er ein nyskriven musikal basert på legendene om kong Arthur av Camelot, ei magisk forteljing med humor, song og dans. Det er eit stykke med balanserte karakterar: overtydande hekser, komiske riddarar, den feige Kong Arthur og den nerdete Merlin. Og draken så klart!

Teknikarane på teateret gjekk ut av sitt gode «drakeskinn» for å lage ein scenografi på hjul, som kunne vendast til to forskjellige kulisser, og det var ikkje fritt for at elevane lot seg imponere av steinmuren som såg «heilt ekte ut, jol!».



ASKEPOTT & ASKELADDEN

I desember viste teaterskulen ein moderne versjon av eventyret om Askepott.

Det var Crocs i staden for glassko. Mobilar, chatting og kjendis-reality. Og jammen dukka Askeladden opp også. Elevane gav det kjende eventyret ein aldri så liten tvist.

– Bodskaen er at ein ikkje treng å leite etter ein prins å gifte seg med, men at ein bør følge hjartet. Stykket er dessutan ein kommentar til foreldre. Dei har ingen rett til å mishandle barna sine eller på andre måtar favorisere mellom søsken, kunne elevane fortelje.


Elevane var delte inn i fleire grupper, og dei spelte fleire opne framsyningar med forskjellig cast.



Den heilårlege teaterskulen er i samarbeid med Sunnfjord kulturskule og teaterlærar Greta Pemberton.

I 2023 har Teater Vestland:

- Hatt 3 framsyningar for barn og sendt 2 av dei på turné i Vestland fylke – 1 hovudsceneproduksjon og 1 bygdehusturné.
- Drive heilårig teaterskule for 80 barn saman med Sunnfjord kulturskule.
- Bidratt til teaterskulen sine 2 oppsetjingar – Trøbbel i Camelot og Askepott & Askeladden – i form av utlån av teatersal, scenografi, kostyme, lyd, rekvisitt og foto. TVL dekkjer delar av løna til instruktør Greta Pemberton.
- Arrangert teaterskule i feriane: Musikalkurs i vinterferien og sirkusskule i haustferien, med framsyning for søsken og føresette på avslutningsdagen.
- Jobba med referansegrupper frå barnehagar og skular som har kome med nyttige innspel i løpet av prøveperiodane. Vi kallar dei «Ekspertar i prosess».



MUSIKALKURS I VINTERFERIEN

I tillegg til den heilårige teaterskulen gir vi dei yngste eit tilbod i feriane. Elevane lærte om musikal gjennom lek og artige øvingar. Resultatet viste dei fram i ei sjarmende framsyning på avslutningsdagen.

Instruktør var Mariell Christensen, som er utdanna musikalartist. Musikkurset innfridde både sosialt og fagleg, syntest elevane.

– Eg har aldri dansa så avansert før, og det var nyttig å lære metodar for å framføre replikkar medan ein dansar og har høg puls, sa ein av elevane.

Ein annan elev drog fram verdien av å bli kjent med jamaldrande.

– Det har vore veldig kjekt å møte nye folk. Eg kjende ingen frå før, og no har eg nokre som ventar på meg når eg begynner på vidaregåande til hausten, sa Malene.

Ferieskolen er i samarbeid med Sunnfjord kulturskule, og elevane var frå 6. klasse og oppover.

SIRKUSSKULE I HAUSTFERIEN


Det vart ein kjempesuksess då Cirkus Balance Bergen arrangerte sirkuskurs på Scene 2 i Nynorskhuset!

15 elevar hang opp ned og sidevegs i ei veke, og det heile kulminerte på fredagen, då foreldre og venner vart inviterte på oppvising. Faktisk var fleire foreldre så misunnelege at dei måtte prøve seg litt i silkestroppane, dei også.

– Det var heilt topp å vere med. Vi lærte mykje, instruktørane var flinke, og det var kjekt å vise fram det vi har lært.

Ein fin måte å bruke ferien på. Eg gjer det gjerne igjen, sa Thea (12).

– Dette kunne eg tenkt meg å fortsette med. Om det kjem eit tilsvarende tilbod i framtida, vil eg anbefale det på det sterkeste, sa Newton (14) medan hen gjorde opp status for blåmerka. Det blei eit par i dag også. Men det er så verd det.



Ferieskolen er i samarbeid med Sunnfjord kulturskule og Fyllingsdalen Teater, og elevane var frå 8 år og oppover.



GÅVE FRÅ SPAREBANKEN VEST

I juni kom Sparebanken Vest på overraskingsbesøk med ei gåve på 5 millionar kroner.

Styret i Teater Vestland var på omvising i det nesten ferdigbygde Nynorskhuset, og dei blei tatt heilt på senga då banksjef Jørgen Follevåg Mjelleli og regiondirektør Arild Sandvoll kom stigande med den generøse gåva.

Støtta sikrar Teater Vestland Utvikling i to år framover og vil skape eit betre kulturtilbod for innbyggjarane i Førde og Sunnfjord.

– Dette gjer oss i stand til å realisere eit kjempestort prosjekt med amatørteater for ungdom og vaksne. Det er heilt fantastisk. Ein draum blir verkeleg, sa ein lukkeleg teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt då ho fekk sjekken opp i handa.

TEATER VESTLAND OG BRANSJEN

REGIONALT BRANSJETREFF

I april 2023 samla Teater Vestland bransjen i heile regionen i to dagar: 12.–13. april. Assitej Norge heldt krasjkurs i smalltalk, nettverking og pitching, og på tampen fekk deltakarane sjansen til å prøve teori i praksis med å pitche til tre teatersjefar på éin gong: Solrun Tøft Iversen (DNS), Thomas Bye (Det Vestnorske Teateret) og Cecilie Grydeland Lundsholt på Teater Vestland.

– Ikkje berre møter vi fleire teatersjefar, men også andre bransjefolk, og alle desse møta kan potensielt resultere i framtidige samarbeid, sa to av deltakarane Saya Tahir Zahawi og Maria Victoria Høvring Høeg.

Året før, då teateret arrangerte regionalt bransjetreff for første gong, vart deltakarane spurde om kva som står øvst på ønskelistene deira. Blant svara var «kompetanseheving», «co-produksjon» og «samarbeid med det frie feltet». 2023-programmet svarte på ønska frå feltet, og det kan godt hende pitchinga får resultat.

– Eg såg noko som eg likte, og det kan fort resultere i eit framtidig samarbeid, sa Thomas Bye etter samlinga.

I framkant av samlinga inviterte Assitej og Teater Vestland til ei online samling med digital marknadsføring 29. mars.



På hausten arrangerte vi kurs i dialektomlegging i nye teaterlokale i samarbeid med Norsk skuespillersenter.

KURS: Å SPELE PÅ NYNORSK

Både nynorsken og Sunnfjord fekk seg ein skikkeleg fan etter haustens kurs i dialektomlegging, arrangert i samarbeid med Norsk Skuespillersenter.

– Eg hadde det heilt nydeleg i Førde. Eg set pris på teater som torer å tenke stort, men samstundes verdset der dei er.

Det knytte seg i magen då vi var ferdige i det nye, fine teaterhuset. Det var veldig inspirerende å møte skodespelarar og språknerdar frå heile Norge;

kollegaer ein ikkje møter så ofte, sa Maia Lohre Køhn, ferdig utdanna ved teater-skulen på Nord Universitet i fjor.

Etter tre dagar på kurs med landets største kapasitet innan dialektomlegging, Eldbjørg Lognvik, kjende ho seg mykje tryggare på å bruke nynorsk, eit mål ho har jobba mot lenge.

Kurset var ledd i eit større arbeid for å gi skodespelarar verktøy til å spele ekte og levande på nynorsk og samstundes ta vare på dialektmangfaldet i Norge.



Programmet på årets bransjetreff svarte på ønska frå bransjen. Her er deltakarane samla i målersalen på Førdehuset like før flyttesjauen til Nynorskhuset.

PRØVEROM

I veke 43 var Lil' Gorilla Theatre Company i Prøverom, ei kunstnarleg utforsking av ein idé og eit tilbod til teatergrupper i det frie feltet. Prøverom er eit samarbeid med Norsk Skuespillersenter.

– For ein luksus for oss frilansarar å ha ei heil veke i ein sal som dette, sa kunstnarleg leiar Roseane dos Reis og skodespelar Stein Ove Øygardslia.



Prosjektet «Ivar Åwsome» starta som ein idé av Roseane og vart vidareutvikla under eit pitchkurs på vårens regionale bransjetreff her på Teater Vestland.

Det handlar om kommunikasjon på tvers av kulturar. Roseane dos Reis er sjølv immigrant frå Brasil, og møtet med eit nytt språk er sentralt i framsyninga.

– Når ein ikkje kjenner eit språk, høyrer ein meir lydar. Der startar det. Immigrantar er på mange måtar som små Ivar-ar som samlar på ord for å gjere seg forstått, seier Øygardslia. I utforskinga var fleire personar innom prøverommet: Representantar frå Mållaget og andre nynorskbrukarar som kunne bidra i prosessen frå tankestadium og til ein ferdig teaterproduksjon.

Interessante ting skjer når ein bøyer tankane: Kva er eigentleg ein nynorskbrukar? Er det ein som snakkar nynorsk, men skriv bokmål, eller kan det like gjerne vere omvendt? Kan ein sjå på folk at dei nyttar nynorsk, på måten dei går på for eksempel?

Som regionteater ønsker Teater Vestland endå tettare samarbeid og utveksling med det frie feltet, og teateret ønsker å stimulere til fleire produksjonar som bruker nynorsk som scenespråk.



◀ Roseane dos Reis og ein projisert Ivar Aasen i Prøverom på Scene 2 i Nynorskhuset.



NTLF-SAMLING

I oktober samla Teater Vestland alle teatersjefar og direktørar i Norsk Teaterlederforum til haustseminar i Nynorskhuset.

NTLF møtest to gongar i året for å diskutere dagsaktuelle problemstillingar og utveksle erfaringar.

Det er eit viktig samlingspunkt. Denne gongen var det Teater Vestland sin tur til å invitere – og fekk samstundes vise fram det nye teaterhuset. Haustseminaret gjekk over to dagar og på dagsorden stod mellom anna ny teknologi, framtidvisjonar og språk, samt korleis ein snakkar om teaterets økonomiske posisjon fram mot statsbudsjettet 2025.

Foto: Heidi Hattstein



Teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt saman med Miriam Prestøy Lie i Teaterfestivalen i Fjaler.

TEATERFESTIVALEN I FJALER

Teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt var invitert til å halde opningstalen i høve 10-årsjubileet til Teaterfestivalen i Fjaler.

Teatersjefen hadde også med seg ei gåve på 20.000 kroner til det nyopna kulturhuset Samvirket. I tillegg bidrog Teater Vestland som alltid med utlån av utstyr.





PODKAST: BAK MASKA

Teater Vestland sin podcast Bak maska spelte inn 6 episodar i 2023. Målet med denne podcasten er å lage ein arena der vi verkeleg kan dyrke fagpraten rundt teater og alle dei ulike tema som teateret kjem innom.

Tilbakemeldingar frå publikum er at dette er interessant å lytte til, og at det er fint å kunne få dykke ned i det:

Dette intervjuet valgte jeg å caste 'på TVn nå, lørdags kveld. Jeg er i beste fall publikum til teater - og var det nå òg, men jeg gjorde det, fordi søkte noe. Å lære noe. Tusen takk for "foredraget".

Ein av dei siste podcastane i 2023 var ein samtale mellom teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt og Tore Renberg, forfattar og dramatikar bak Tollak til Ingeborg.

Det var også den første podcasten spelt inn i det nye lydstudioet til NRK i Nynorskhuset. Fram til då var alle episodane produserte av Rakkar og distribuerte via Sprei, den lokale innhaldsplattformen i Sunnfjord.

Framover vil NRK produsere Bak maska. Episodane kan ein høyre på Spotify og YouTube, og i tillegg ligg dei på heimesida vår.



EPISODE 11: Om å skrive ny, nynorsk dramatikk (Mødrevariasjonar)



EPISODE 12: Om å regissere eigen dramatikk (Mødrevariasjonar)



EPISODE 13: Kva er godt teater for heile familien? (Peter Pan - under den magiske månen)



EPISODE 14: Ei teateroppleving på øyret (Skogsopplevingar)



EPISODE 15: Korleis det burde vere versus korleis det er (Tollak til Ingeborg)



EPISODE 16: AR-teknologi i teateret (Torn & Rose i Eventyrland)

STATISTIKK

Framsyningar og publikumstal	Besøktal	Framsyningar	Konsertar	Avlysningar	Formidlingsarrangement
Eigenproduksjonar					
Mødrevariasjonar	1609	21		1	2
Peter Pan – under den magiske månen	1481	24		0	0
Kinnaspelet	2100	3		0	0
Tollak til Ingeborg (Førde)	1121	8		0	0
Tollak til Ingeborg (Riksteateret)	11964	40		0	0
Torn&Rose i Eventyrland (Vestland)	2693	28		0	1
Torn&Rose i Eventyrland (Nordland)	2702	24		0	0
Jenta med fyrstikkene	588	18		0	0
Teaterbingo	64	1			
Eventyrstund	47	1			
Skogsopplevingar	40				1
Gjestespel					
Linda Eides Språksjov Spesial	555	2		0	0
NRK Super Show	540	2		0	0
Samarbeidsprosjekt					
Musikalkurs i vinterferien	84	1		0	5
Trøbbel i Camelot (TVL Ung vår)	284	5		0	0
Språkkonferanse: Nynorsk i Rampelyset	175	0		0	1
Omvisningar opningshelg	500	0		0	2
Opningsshow på Nynorskplassen	330	1		0	0
Sirkusskule i haustferien	115	1		0	5
Fest for Fosse	108	1		0	1
Fosse Ord for ord	919	41		0	0
Askeladden og Askepott (TVL Ung haust)	458	6		0	0
Synne Vo konsert	273	0	2	0	0
Formidlingsarrangement					
Omvisningar	300				23
Førde Mållag	60				1
Repetoarslepp 2024	63				1
Mottaking – Opning Nynorskhuset	270				1
Bransjetreff	16				1
Kurs – Å spele på Nynorsk	45				3
Litterær lunsj med Flatland/Bugge	45				1
Prøverom: Ivar Awesome					

Nøkkeltal 2023

Tal framsyningar	228
Totalt publikum	29 549
Tal publikum på eiga scene	6 435
Tal publikum på turne	6 242
Tal publikum på kunstnarlege arrangement	28 347
Tal formidlingsarrangement	49
Tal publikum på formidlingsarrangement	1 202
Tal framsyningar på eiga scene	72
Tal framsyningar på turne	94
Tal kommunar besøkt i Vestland	24
Tal ulike spelelokaler totalt	35

PERSONALE, STYRE OG VARA

LEIING

Lundsholt, Cecilie Grydeland *Teatersjef*
Selvik, Margunn Grytten *Direktør (slutta 31.12.23)*

PRODUKSJON

Thorne, Theodor Wilhelm *Teknisk sjef*
Nybø, Anders *Produksjonssjef*
Digernes, Lillian *Reinhaldar*
Høstaker, Frida Aven *Turneprodusent/
prosjektkoordinator*
Schwanitz, Christina *Inspisient*
Støfring, Reidun *Inspisient/teknikar*

MARKNAD, SAL OG INFORMASJON

Grande, Lene *Informasjons- og marknadssjef*
Hattestein, Heidi *Informasjonsrådgjevar*
Mjelleli, Kjell *Sals- og marknadsansvarleg
(slutta 31.12.23)*
Wie, Marion Aas *Marknadsrådgjevar*
Haugum, June Vatsø *Publikumsvert
(Oppstart 20.9.23)*
Nyrud, Ann Sylvi *Publikumsvert
(Oppstart 20.9.23)*
Wie, Andrine Aas *Publikumsvert
(Oppstart 20.9.23)*

ADMINISTRASJON

Hukset, Reinert *Økonomimedarbeidar*

TEKNISK PERSONALE

Eide, Tore *Teknikar*
Furevik, Kjell *Snikkar (slutta 1.9.23)*
Gjeraker, Magne *Lysteknikar (oppstart 7.8.23)*
Haukeland, Svein-Yngve *Snikkar/teknikar*
Herland, Odd Magne *Teknikar/utleige*
Horne, Halldor *Sveisar/teknikar*
Lunde, Stina *Kostymeansvarleg (oppstart 1.5.23)*
Myska, Krystian *Lysdesignar (slutta 31.5.23)*
Ringdal, Synnøve *Rekvisitør*
Støfring, Reidun *Rekvisitør og teknikar*
Tomkiewicz, Robert *Lyd og AV-ansvarleg*
Wingård, Anna *Kostymeansvarleg (slutta 31.1.23)*

KUNSTNARLEG PERSONALE

Fast tilsette
Losnegård, Idun *Skodespelar*
Ottersen, Kyrre Eikås *Skodespelar*

ENGASJERTE SKODESPELARAR

Alisøy, Oda *Skodespelar*
Biong, Sebastian *Skodespelar*
Furseth, Carina *Skodespelar (Åremål)*
Gulliksen, Per Bogstad *Skodespelar*
Mackenzie, Katrine Lunde *Skodespelar*
Nyfløtt, Oda Kirkebø *Skodespelar*
Nødtvedt, Harald Ottesen *Skodespelar*
Lauvås, Peder *Skodespelar (Åremål)*
Sæther, Andrine *Skodespelar*
Wadel, Malene *Skodespelar*

REGISSØR/KOREOGRAF/DRAMATURG

Alisøy, Oda *Regissør*
Topp, Elisabeth *Regissør*
Strømskag, Kristian *Lykkeslet Dramaturg*
Lie, Miriam Prestøy *Regissør og dramaturg*
Lundsholt, Cecilie Grydeland *Regissør*
Stengele, Philipp *Regissør*
Teigen, Lene Therese *Regissør*

SPRÅK/OMSETJING

Lyngstad, Terje *Omsetjar*
Bakke, Tove *Språk-konsulent*

MANUS

Andersen, HC *Forfattar*
Topp, Elisabeth *Dramatikar*
Lundsholt, Cecilie Grydeland *Dramatikar*
Kenny, Mike *Dramatikar*
Renberg, Tore *Dramatikar*
Losnegård, Rolf *Dramatikar*
Teigen, Lene Therese *Dramatikar*

VISUELL DESIGN

Koksal, Cenk *Animatør*
David Lejard-Ruffet *Videodesignar*
Hasan Ula Sarikaya *AR-utviklar*
Lejard - Ruffet, David *Videodesignar*
Lohre, Christine *Scenograf og kostymedesignar*
Martin, Myrvold *Lysdesignar*
Myska, Krystian *Lysdesignar*
Döker, Onat *AR-utviklar*

Milja, Salovaara *Scenograf og kostymedesignar*
Stengele, Philipp *Visuellt uttrykk*
Strid, Birgitte *Scenograf og kostymedesignar*
Andreassen, Vegar Angel *Lysdesignar*

MUSIKK/LYD

Dahlstrøm, Harald *Musikar*
Havnes, Eirik *Lyddesignar*
Hammer, Arne *Musikar*
Hjelmeland, Thea *Komponist, musikal og lyddesignar*
Prell, Johan *Komponist*
Prestø, Rolf *Musikar*
Ramstad, Tov *Komponist*
Stang, Selma *Komponist og lyddesignar*
Westbø, Grethe *Musikar*
Wyrztz, Jakob *Musikar*
Stenberg, Yvonne *Lyddesignar/foleyartist*

ØVRIG ENGASJERT PERSONALE

Barel, Isaac *Teknisk rådgjevar, ARShow*
Bråtane, Joe Even *Maribo AR-teknikar*
Christensen, Mariell *Kurshaldar*
Fjeldstad, Ingvill *Vikar kostyme*
Fuglu, Sara *Vikar teknisk*
Gotaas, Anne *Vikar kostyme*
Grande, Vidar *Prosjektleiari, Storyline Studio*
Hamid, Sami *Prosjektleiari, Glitch Studios*
Helgebostad, Kristin Ryg *Koreografisk assistanse*
Kreindlin, Sasha *Produksjonsrådgjevar, ARShow*
Lognvik, Eldbjørg *Kurshaldar*
Mulen, Laila *Vikar reinhald*

Nybø, Anders *Produsent*
Parasochka, Polina *Sminkør og frisør*
Pembeton, Greta *Teaterskuleinstruktør*
Petersen, Jenny C. *Inspisent*
Sandal, Kristin *Vikar inspisent*
Skålnes, Odd Martin *Musikalsk medprodusent*
Solberg, Synne *Praktikant prosjektleiing*
Stie, Stein Inge *Fotograf*
Szczyпка, Joanna Dorota *Vikar teknisk*
Tjønneland, Jan *Vikar teknisk*
Vinjar, Silje *Vigerust Produsent*
Ølmheim, Hedda *Assistent teaterskule*

SAMARBEIDSPARTAR

ARShow
Assitej
Cirkus Balance Bergen
Den Nasjonale Scene
Det Norske Teateret
Det Vestnorske Teateret
Firda
Fyllingsdalen Teater
Førde Mållag
Glitch Studios
Mobit
Nordland Teater
Norsk skuespillersenter
NRK
Nynorsk avissenter
Nynorsk mediesenter
Riksteatret

Rom for ord
Røyst mat og vin
Storyline Studio
Sunnfjord kulturskule
Teatret Vårt

STYRET

Styreleiar
Rasmus Mo – Vestland fylkeskommune
Nestleiar
Rune Hegrenes – Sunnfjord kommune

Medlemmar

Senea Sabanovic – Vestland fylkeskommune
Frank Willy Djuvik – Vestland fylkeskommune
Marion Aas Wie – Teater Vestland

Varamedlemmar

1. varamedlem **Hanne Oftedal**
– Vestland fylkeskommune
 2. varamedlem **Lise May Sæle**
– Vestland fylkeskommune
 3. varamedlem **Bjørn Harald Haugsvær**
– Vestland fylkeskommune
- Varamedlem **Åsmund Berthelsen**
– Sunnfjord kommune
1. varamedlem Idun Losnegård
– Teater Vestland
 2. varamedlem **Reidun Støfring**
– Teater Vestland

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	Note	2023	2022
Billett og programsal		1634 512	1944 539
Anna inntekt	1	908 020	1300 966
Driftstilskot	2	37 260 283	31834 427
Leigeinntekter	1	340 396	0
Sum driftsinntekter		40 143 211	35 079 932
Materialkostnad		367 725	829 838
Kostnad turne/oppøkjande verksemd		1288 998	2 068 989
Kostnad vedk. lokale	3	5 495 552	2 264 570
Lønskostnad	4,5	24 708 643	22 696 689
Avskrivning	6,7	697 596	579 942
Annen driftskostnad	6	7 079 087	5 929 666
Sum driftskostnader		39 637 601	34 369 694
Driftsresultat		505 610	710 238
Renteinntekt		42 326	26 021
Annen finansinntekt		1	0
Rentekostnad		-3 179	-54 063
Årsresultat		544 757	682 196
Disponering av årsresultatet			
Overført til annan egenkapital		544 757	682 196
Sum disponert		544 757	682 196

BALANSE PR. 31.12.

	Note	2023	2022
EIGEDELAR			
Immaterielle anleggsmiddel			
Prosjekt Nynorskhuset	7	585 000	600 000
Varige driftsmiddel			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom	6	5 094 697	4 921 250
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.	6	5 570 375	1422 937
Sum varige driftsmiddel		10 665 072	6 344 187
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i anna foretak i same konsern		15 000	0
Sum finansielle anleggsmidler		15 000	0
Sum anleggsmiddel		11 265 072	6 944 187
Omløpsmiddel			
Fordringar			
Kundefordringar	8	966 816	625 403
Andre fordringar	9	1 575 639	22 421
Sum fordringar		2 542 455	647 824
Bankinnskot, kontantar o.l.	10	1 575 479	8 319 582
Sum omløpsmiddel		4 117 935	8 967 406
SUM EIGEDELAR		15 383 007	15 911 593

Arsregnskap TVL 2023

	Note	2023	2022
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)	11, 12	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		100 000	100 000
Opptjent egenkapital			
Annan egenkapital	11	6 390 277	5 845 519
Sum opptjent egenkapital		6 390 277	5 845 519
Sum egenkapital	11	6 490 277	5 945 519
GJELD			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 040 032	634 333
Skuldige offentlege avgifter		2 027 659	1 635 522
Anna kortsiktig gjeld	13	5 825 039	7 696 216
Sum kortsiktig gjeld		8 892 730	9 966 071
Sum gjeld		8 892 730	9 966 071
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		15 383 007	15 911 590

Signers:

Name	Method	Date
Djuvik, Frank Willy Pedersen	BANKID	2024-02-27 20:15
Mo, Rasmus	BANKID	2024-02-27 20:21
Wie, Marion Aas	BANKID	2024-02-28 09:21
Sabanovic, Senea	BANKID_MOBILE	2024-02-27 22:17
Lundsholt, Cecilie Gr	BANKID_MOBILE	2024-02-28 11:44
Hegrenes, Rune Standnes	BANKID	2024-02-27 22:26



This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2023

REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

Inntekter

Inntektsføring av billettinntekter skjer på leverings-tidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert. Offentlege tilskot vert bokført etter bruttometoden.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstids-punktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etablerings-tidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige drifts-middel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande.

Nedskrivninga vert reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etablerings-tidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventa levetid dersom dei har vurdert levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmidla vert kostnadsført etter kvart under driftskostnader.

Påkostingar eller forbetringar leggst til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring reknast i forhold til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

Immaterielle eigendelar

Utgifter til eigen utvikling av immaterielle eigen-delar kostnadsføres løpande. Utgifter til andre immaterielle eigendelar balanseførast i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av ein identifiserbar immateriell eigendel og utgiftene kan målast påliteleg. I motsatt fall kostnadsførast utgifter løpande. Balanseført utvikling avskrivast lineært over økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

Pensjonar

Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført. Forpliktingar/ pensjonsmiddel knytt til innskotsbasert pensjons-ordning er ikkje balanseført. Pensjonskostnaden er lik årets innbetaling.

Skatt

Teatret er ei ikkje-skattepliktig verksemd.

Note 1 Spesifikasjon av anna inntekt

	I år	I fjor
Inntekter frå utleige	340 396	19 100
Andre inntekter og tilskot	908 020	1 281 866
Sum	1 248 416	1 300 966

Note 2 Spesifikasjon av driftstilskot

	I år	I fjor
Ordinært tilskot staten*	-26 120 007	-22 940 000
Ordinært tilskot Vestland Fylkeskommune*	-8 395 811	-7 373 571
Ordinært tilskot Sunnfjord kommune*	-2 744 465	-2 457 856
Periodiserte driftstilskot vedkomande Nynorskhuset.	-	937 000
Sum	-37 260 283	-31 834 427

*) Delar av driftstilskota var i 2021 og 2022 øyremerka Nynorskhuset, og er periodisert i tråd med påløpte kostnader. Kr. 937 000 var periodisert og kom til reduksjon av inntektsført tilskot i 2022.

Note 3 Leigeavtalar

	Kostnadsført husleige
Husleigeavtale	4 414 787

Leigeavtalen er inngått for 15 år, med opsjon på 2 gange 5 år. Årleg leige er kr 5 650 026 eks meirverdiavgift. Teateret har i 2023 flytta inn i nye lokaler, og har ikkje vore belasta årleg leige for heile 2023.

Note 4 Pensjon

Teateret har ei innskotsbasert pensjonsordning og ei tariffesta AFP-ordning (usikra). AFP-forpliktelsen er ikkje regnskapført som gjeld. Begge ordningane blir finansiert gjennom premieinnbetalingar. Teateret si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande måte:	I år	I fjor
Premie AFP-ordning	303 051	266 680
Pensjonspremie til innskotsordning	1 281 051	1 375 004
Eigenandel pensjon tilsette	-293 916	-240 007
Netto pensjonskostnad i år	1 290 186	1 401 677

*) Selskapet har i 2023 dekkja den årlige premien til den lukka ytelsesbaserte ordninga ved bruk av premiefond. Det er totalt belasta kr 1 611 656 frå premiefondet. Innestående på premiefond per 31.12 er kr 6 495 539.

Note 5 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Lønskostnader	I år	I fjor
Løner og honorar	20 661 213	19 178 524
Arbeidsgjevaravgift	2 711 083	2 229 867
Pensjonskostnader	1 290 186	1 401 677
Lønnsrefusjon samarbeidsprosjekt	-681 576	-728 399
Andre lønsrelaterte ytingar	727 736	615 020
Sum	24 708 643	22 696 689

Det har vore 21 fast tilsette, 1 person på åremål 2 personar på årskontrakt.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	1 037 874	193 180
Anna godtgjersle	5 697	

Pr 31.12.23 er det ingen lån/trygdgjeving til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar. Det er ikkje bonusordning i selskapet.

Note 6 Varige driftsmiddel og immaterielle eiendeler

	Personalhusvære	Kunst	Bil	Inventar kontorutst.	Øvrige driftsmidler	Bygning og tekn.inst bygg	Totalt
Kostpris 1.1.	4 921 250	100 000	2 696 069	606 561	3 624 826	1 751 032	13 699 737
Tilgang			43 091	3 061 204	339 946	9 908 235	13 352 475
Tilskot *)						-8 348 995	-8 348 996
Avgang							-
Kostpris 31.12.	4 921 250	100 000	2 739 160	3 667 765	3 964 772	3 310 273	18 703 217
Akk. avskrivningar 31.12.			2 464 560	627 636	3 152 682	1 793 269	8 038 146
Balanseført verdi pr. 31.12.	4 921 250	100 000	274 600	3 040 129	812 090	1 517 003	10 665 072
Avskrivningar i år	-	-	142 701	237 064	260 594	42 237	682 596
Levetid			5-10 år	5-15 år	5-10 år	5-20 år	

*) Teater Vestland har i 2023 nytta kr. 1 948 995 av tidlegare tildelt tilskot øyremerka Nynorskhuset til reduksjon av anskaffelseskost knytt til bygningsmassen, slik at denne er i 0.

Det er i 2023 gitt følgjande tilskot/gåver frå følgjande, som er nytta til reduksjon av anskaffelseskost knytt til tekniske installasjonar i Nynorskhuset relatert lyd, lys mm

Note 6 fortsetter

Givar	Beløp
Sparebanken Vest	4 000 000
Norsk Kulturfond/Kulturdirektoratet	1 200 000
Vestland Fylkeskommune	1 200 000
Tilskot/gåver nytt til reduksjon av anskaffelseskost tekniske installasjonar	6 400 000
Totale tilskot/gåver nytt til reduksjon av bygning og tekn.inst. i 2023	8 348 995

Teater Vestland har i 2023 fått innvilga tilskot fra Norsk Kulturfond/Kulturdirektoratet og Vestland Fylkeskommune, på hhv. kr 1 200 000 frå kvar av tilskotsgivarane, totalt 2 400 000. Det er utbetalt kr 600 000 frå kvar av dei. For å få utbetalt resterande 1 200 000 skal det leverast slutt rapport. Leiinga ser det som overveiande sannsynlig at midlane blir utbetalt, og det er påløpt tilstrekkeleg med kostnader pr. 31.12 til at det bør hensyntas pr. 31.12.

Note 7 Immaterielle eiendeler

Immaterielle eigendelar gjeld balanseførte kostnader til prosjekt Nynorsket huset fra 2019. Teateret fekk i 2019 kr 270 000 i tilskot til dette prosjektet. 40 % vart godskreve dei andre deltakarane i prosjektet. Teateret sin andel er gått til frådrag i dei aktiverte kostnadane. Kostnadane har ikkje vore avskrevne før i 2023, når innflytning fant sted.

	Prosjektkostnad	Totalt
Kostpris 1.1.	600 000	600 000
Tilgang		0
Avgang		0
Kostpris 31.12.	600 000	600 000
Akk. avskrivningar 31.12.	15 000	15 000
Balanseført verdi 31.12.	585 000	585 000
Avskrivningar i år	15 000	15 000
Levetid	20 år	



Note 8 Kundefordringar

	I år	I fjor
Kundefordringar til pålydande 31.12.	910 714	623 448
Delkredereavsetning 31.12.	0	0
Opptjent inntekt	56 102	1955
Kundefordringar 31.12.	966 816	625 403

Note 9 Andre fordringar

	I år	I fjor
Forskotsbetalte kostnader	58 459	22 421
Periodisering av kostnad knytt til framsyningar *)	317 180	0
Periodisering tilskot, ref. note 6	1 200 000	0
Sum	1 575 639	22 421

*) Her ligg det periodisering av kostnader knytt til forestillingar som ikkje har starta speleperioden i 2023. Noværande rekneskapsprinsipp er at kostnader knytt til forestillingar/prosjekt kostnadsførast i den perioden dei er påløpt. Frå 2024 vil selskapet gå over til å kostnadsføre kostnader knytt til forestillingar/prosjekt i den perioden der største del av billettinntektene oppstår, og der perioden er i eit anna kalenderår. Det er derfor gjort ei periodisering i 2023 i overgangen mellom gammalt og nytt rekneskapsprinsipp.

Note 10 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne midlar per 31.12	1 113 223	1 008 819

Note 11 Eigenkapital

	Aksjekapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 1.1	100 000	5 845 519	5 945 519
Resultat i år		544 757	544 757
Eigenkapital 31.12	100 000	6 390 276	6 490 277

Note 12 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

Oversikt over aksjonærane per 31.12.

Namn	Tal aksjar	Eigardel
Vestland Fylkeskommune	8	80 %
Sunnfjord Kommune	2	20 %
Totalt	10	100 %

Note 13 Anna kortsiktig gjeld

	I år	I fjor
Skuldig feriepengar/ løn	2 512 443	2 609 812
Påløpne kostnader	815 207	826 895
Periodisering av tilskot/gåvemidlar	2 497 389	4 259 509
Sum	5 825 039	7 696 216

Note 14 Gjeld

Gjeld sikra med pant	I år	I fjor
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	0	0
Kortsiktig gjeld til kredittinstitusjoner (kassekreditt)	0	0
Sum gjeld sikra med pant 31.12.	0	0

Selskapet har ein kassekreditt limit på NOK 3 mill.





Revisjonsberetning TVL 2023

Til generalforsamlinga i Teater Vestland AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Teater Vestland AS som er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgaver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Førsetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgaver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Førde, 27. februar 2024

PricewaterhouseCoopers AS

Jan Flølo
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PricewaterhouseCoopers AS, Naustdalsvegen 1B, NO-6800 Førde
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap

Signers:

Name	Method	Date
Flølo, Jan	BANKID_MOBILE	2024-02-28 12:37



This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.



NYNORSKHUSET





Fylkes
FIRDA
BYK
Teater Vestland

TEATER
VESTLAND

Teater Vestland, Nynorskhuset
Storehagen 10, 6800 Førde Tlf.: 909 90 600
post@teatervestland.no teatervestland.no

Grafisk utforming: Univerket • Trykk: Printfarm



Kulturdepartementet